



Børje Møster
Radøyvegen 1743
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/861 - 14/11573

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
23.10.2014

Delingssak gbnr 46/15 Manger øvre - søknad om deling - utsending av vedtak

MELDING OM VEDTAK

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 15. oktober 2014 fatta følgjande vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 087/2014

PLT - handsaming:

I møtet i hovudutvalet etterlyste politikarane informasjon om kva rettar og pliktar som kviler på gbnr 46/15 då det ikkje hadde vore tema i handsaming av søknaden etter jordlova.

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

PLT - vedtak:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF-L og løyve til deling av gnr 46 bnr 15.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon ikkje vert større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og § 19-2 jf. § 11-6.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen

skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ein eventuell klage på vedtaket skal til saksførebuing i det same utval som har fatta vedtaket, før den vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Ved ein eventuell klage må det difor gjerast greie for rettar og pliktar som kvilar på eigedomen gbnr 46/15.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Delingssak gbnr 46/15 Manger øvre - frådeling av tunet/landbruksareal som tilleggsareal til andre bruk - dispensasjon i frå arealføremålet LNF

Mottakarar:
Børje Møster

Radøyvegen 1743 5936

MANGER